



Prop. 111 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 6. juni 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Regjeringa gjer med dette framlegg om å auke løyvingar på statsbudsjettet for 2014 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet (G) og pensjonar i folketrygda og i visse andre pensjonsordningar frå 1. mai 2014.

Departementet viser til forskrift fastsett ved kongeleg resolusjon 23. mai 2014 om grunnbeløp, reguleringsfaktorer, satser for minste pensjonsnivå fra 1. mai 2014 og virkningstidspunkt for regulering av kravet til minsteinntekt for rett til dagpenger.

Grunnbeløpet er auka frå 85 245 kroner til 88 370 kroner frå 1. mai, det vil seie med 3,67 prosent. Uførepensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får dermed ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening blir også oppregulert med 3,67 prosent.

Alderspensjon under utbetaling blir regulert med lønnsauken på 3,67 prosent og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspen-

sjonistar får auka pensjonen med 2,89 prosent frå 1. mai 2014.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka med lønnsauken på 3,67 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjustering, noko som inneber at satsane er auka med 3,16 prosent. Satsane er frå 1. mai 2014 sette til 137 768 kroner for låg sats, 160 285 kroner for ordinær sats, 173 274 kroner for høg sats og 270 240 kroner for særskilt sats.

Meirutgiftene for 2014 som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar blir om lag 6 470 mill. kroner.

Når regjeringa legg fram budsjettforslag for Stortinget, er etablert praksis at «frå-tala» tar utgangspunkt i det siste forslaget til endra løyvingar som regjeringa har fremma for Stortinget. For å sikre lik praksis for budsjettproposisjonar til Stortinget, har Arbeids- og sosialdepartementet som utgangspunkt i vedtaksdelen i denne proposisjonen nytta Prop. 93 S (2013–2014) som ble fremma samtidig med Revidert nasjonalbudsjett.

2 Bakgrunn – nærare om reguleringa

Reglane for regulering

Reglane for regulering av pensjonar i folketrygda går fram av folketrygdlova §§ 1-4 og 19-14 og forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden. Alderspensjon under utbetaling skal regulerast med eit gjennomsnitt av lønns- og prisveksten. Dette gjennomføres ved at pensjonen blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt ein fast faktor på 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening blir regulerte i samsvar med lønnsauken. Uførepensjon og andre ytingar som blir regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet, blir dermed regulerte i samsvar med lønnsauken. Tilsvarende reglar gjeld i andre pensjonsordningar.

Til grunn for reguleringa ligg venta lønnsauke i reguleringsåret, justert for eventuelle avvik mellom venta og faktisk lønnsauke dei siste to åra. Det skal også vurderast om det er særlege tilhøve som har påverka lønnsutviklinga for einskilde grupper, og om effekten av dette skal haldast utanfor ved fastsetjinga av lønnsauken. Talgrunnlaget skal drøftast med organisasjonane til pensjonistane, dei funksjonshemma og arbeidstakarane før grunnbeløpet og pensjonane blir regulerte.

Drøftingar med organisasjonane

Grunnlaget for reguleringa har vore drøfta med Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjonar, Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne. Sjå nærare om drøftingane i vedlagte protokollar.

I tråd med forskrift 6. mai 2011 nr. 465 blir det etter dette lagt til grunn ein venta lønnsauke på 3,3 prosent i 2014 i tråd med anslaget til regjeringa som går fram av Revidert nasjonalbudsjett for 2014. I trygdeoppgjæret 2013 vart det lagt til grunn for reguleringa av grunnbeløpet ein venta lønnsauke på 3,5 prosent i 2013 i tråd med anslaget til regjeringa som går fram av Revidert nasjonalbudsjett for 2013. Faktisk lønnsauke for 2013 er anslått til 3,9 prosent i rapporten «Grunnlaget for inntektsoppgjærene 2014» frå Det tekniske berek-

ningsutvalet for inntektsoppgjæra av 31. mars 2014. Partane er samde om at det ligg føre eit avvik på 0,40 prosentpoeng for 2013. I trygdeoppgjæret 2013 vart det lagt til grunn ein faktisk lønnsauke på 4,0 prosent i 2012. Faktisk lønnsauke for 2012 er i rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjæra framleis sett til 4,0 prosent. Partane er samde om at det dermed ikkje ligg føre eit avvik for 2012.

Reguleringa av grunnbeløpet, pensjonane og satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2014

Når det er avvik dei to siste åra, skal det først takast omsyn til avvika og deretter til den venta prosentvise lønnsauken i inneverande år. Den samla årlege lønnsauken er på denne bakgrunnen fastsett til 3,71 prosent frå 2013 til 2014.

Reguleringa av grunnbeløpet og pensjonane skjer med verknad frå 1. mai. Det nye grunnbeløpet frå 1. mai 2014 skal dermed fastsetjast slik at den prosentvise auken i det gjennomsnittlege grunnbeløpet frå 2013 til 2014 blir lik den samla årlege lønnsauken. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet auka med 3,71 prosent frå 2013 (84 204 kroner) til 2014 (87 328 kroner). Nytt grunnbeløp frå 1. mai 2014 er fastsett til 88 370 kroner. Den prosentvise auken i grunnbeløpet frå 85 245 kroner til 88 370 kroner frå 1. mai 2014 er 3,67 prosent. Det inneber at uførepensjonistar og andre som får pensjonar og ytingar regulerte gjennom endringar i grunnbeløpet, får ein tilsvarende auke frå same dato. Alderspensjon under opptening blir også oppregulert med 3,67 prosent.

Alderspensjon under utbetaling blir regulert med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Pensjonen blir først oppregulert med 3,67 prosent og frå denne summen blir det fråtrekt 0,75 prosent. Dette inneber at alderspensjonistar får auka pensjonen med 2,89 prosent frå 1. mai 2014.

Satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar er auka frå 1. mai 2014 med lønnsauken på 3,67 prosent og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar. Dette skjer ved å multiplisere med forholdstalet i 2013 på 1,015 og dividere med forholdstallet i 2014 på 1,020. Dette inneber at satsane er auka med 3,16 prosent frå 1. mai 2014.

Satsane er frå 1. mai 2014 sette til 137 768 kroner for låg sats, 160 285 kroner for ordinær sats, 173 274 kroner for høg sats og 270 240 kroner for særskilt sats. Sjå nærare om dei ulike satsane i folketrygdlova § 19-18.

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 3.1 Utvikling i grunnbeløpet, minstepensjonane, gjennomsnittleg alders- og uførepensjon og lønn for lønnstakarar. Prosentvis endring frå året før og gjennomsnittleg endring per år 2005–2013.

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	Endring 2005–2013	Endring per år
Grunnbeløp	3,5	5,4	5,5	4,2	3,8	4,4	4,0	3,8	40,3	4,3
Minste pensjonsnivå/alderspensjon for einslege ¹	3,5	5,4	11,3	7,9	5,4	4,6	3,5	3,2	54,3	5,6
Minste pensjonsnivå/alderspensjon for ektepar/sambuande ¹	4,0	5,4	11,9	8,2	5,5	4,6	3,5	3,2	56,4	5,8
Minstepensjon/uførepensjon for einslege ²						4,9	4,0	3,8	-	-
Minstepensjon/uførepensjon for ektepar ²						5,0	4,0	3,8	-	-
Alderspensjon i gjennomsnitt ³	4,8	6,5	7,6	6,1	5,6	5,4	4,4	4,0	54,0	5,5
Uførepensjon i gjennomsnitt ³	3,7	5,4	6,7	4,6	4,1	3,6	4,0	3,7	41,9	4,5
Lønnstakarar i alt	4,1	5,4	6,3	4,2	3,7	4,2	4,0	3,9	41,9	4,5
Industriarbeidarar i NHO-området	3,6	5,5	5,7	3,9	3,6	4,4	4,1	3,5	39,9	4,3
Statstilsette	4,5	5,1	6,7	4,4	4,5	4,2	4,1	3,5	43,5	4,6
Kommunetilsette	3,9	4,8	6,7	4,6	3,7	4,3	4,1	3,7	41,9	4,5

¹ Frå og med 1.05.2011 er satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa, medan minstepensjon for uførepensjonistar er regulert i samsvar med grunnbeløpet (lønnsauken).

² Til og med 2010 var minstepensjonane for uføre- og alderspensjonistar like.

³ Gjennomsnittleg pensjon er rekna ut frå rekneskapen.

Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet for inntektsoppgjera NOU 2014: 3 og Arbeids- og velferdsdirektoratet

3 Nærare om utviklinga i grunnbeløpet, pensjoner og lønn seinare åra

Tabell 3.1 viser utviklinga i grunnbeløpet og i inntektene før skatt for pensjonistar i folketrygda og lønnstakarar i perioden 2005–2013. Inntekter som pensjonistar har i tillegg til pensjonsinntekta, er ikkje med her.

Pensjonane for dei einslege minstepensjonistane har auka meir enn grunnbeløpet av di særtillegget ordinær sats vart auka frå 79,33 prosent til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008, til 97 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2009 og til 100 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2010. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2011.

For ektepar og sambuarar med minstepensjon var auken sterkare enn i grunnbeløpet i åra 2003–

2006 og 2008–2010 både som følgje av auken i særtillegget og av di grunnpensjonen for ektepar og sambuande vart trappa opp i åra 2003–2005. Grunnpensjonen auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003, til 0,825 G frå 1. mai 2004 og til 0,85 G frå 1. mai 2005. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2006.

Gjennomsnittleg pensjon har dei siste åra også auka med meir enn grunnbeløpet, og med meir enn auken i særtillegget og i grunnpensjonen for ektepar og sambuarar skulle tilseie. Dette kjem av at pensjonistane i aukande grad har tent opp tilleggspensjon.

Auken i grunnbeløpet i perioden 2005–2013 er 40,3 prosent, medan veksten for lønnstakarar i alt var 41,9 prosent. Årsaka til skilnaden er mellom anna at partane i trygdeoppgjeret i 2008 vart samde om ei fordeling innanfor den økonomiske

ramma der ein nytta noko av midlane til å auke særtillegget. Den historiske utviklinga av pensjonane med vidare går fram av tabellane i vedlegget til proposisjonen. Tabell 1.2 viser utviklinga i minstepensjonane til alderspensjonistar, uførepensjonistar og unge uføre frå 1. mai 1992 til 30. april 2015, medan tabell 1.3 viser utviklinga av minstepensjonane frå 1970 til 2013 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst. Dette heng saman med at satsane for særtillegget er trappa opp gjennom åra, seinast i åra 2008–2010.

4 Skattereglane for pensjonistar i 2014

Særskilde reglar for AFP- og alderspensjonistar

AFP- og alderspensjonistar betaler mindre i skatt enn lønnsstakarar. Det skuldast fyrst og fremst at dei har rett til eit særleg skattefrådrag som reduserer skatten på pensjonsinntekt og sikrar at pensjonistar med pensjon noko over minste pensjonsnivå etter høg sats (einslege) ikkje betaler skatt av pensjonen. I 2014 utgjer skattefrådraget maksimalt 30 000 kroner og blir trappa ned mot høgare pensjonsinntekt enn 175 900 kroner. Frådraget blir trappa ned med ein sats på 15,3 prosent av pensjonsinntekt mellom 175 900 kroner og 266 900 kroner, og med ein sats på 6 prosent av pensjonsinntekt over 266 900 kroner. Frådraget er heilt utfasa ved ei pensjonsinntekt på om lag 535 000 kroner.

Særskilde reglar for uførepensjonistar

Skattytarar som får uførepensjon fordi arbeidssevna er satt ned med minst to tredelar, og som ikkje samstundes får arbeidsavklaringspengar frå folketrygda, skal i 2014 ha eit særfrådrag i inntekta på 2 667 kroner per måned, dvs. 32 004 kroner for heile året. Er arbeidsevna satt ned med mindre enn to tredelar, skal skattytaren ha eit halvt særfrådrag.

Uførepensjonistar kan skattleggast etter ein særskild skatteavgrensingsregel som sikrar at dei med låg inntekt og formue ikkje skal betale skatt. Denne regelen inneber at skattytarar som får uførepensjon fordi arbeidsevna er satt ned med minst to tredelar, ikkje skal betale skatt når nettoinntekta eller «alminnelig inntekt» (bruttoinntekt minus minste frådrag m.a.) pluss formuestillegg er under 131 400 kroner for einslege og 120 800 kroner for gifte. Ved utrekninga av nettoinntekta skal

ein leggje til 1,5 prosent av nettoformue over 200 000 kroner for einslege og 100 000 kroner for kvar ektefelle.

Skatteavgrensinga som følgje av skatteavgrensingsregelen blir trappa ned med inntekta. Dette skjer ved at trygdeavgift og felles-, kommune- og fylkesskatt skal setjast til 55 prosent av den alminnelege inntekta som overstig dei skattefrie grensene. I motsetnad til skattefrådraget for AFP- og alderspensjonistar, trappast fordelene ved skatteavgrensingsregelen ned mot all inntekt, og ikkje berre mot pensjonsinntekt. Skatteavgrensingsregelen skal nyttast når denne regelen gir lågast skatt. Regelen blir ikkje nytta ved fastsetjing av toppskatt og skatt på formue.

Minste frådraget for pensjonsinntekter

Når skatten skal reknast ut, blir lønnsinntekter og pensjonsinntekter reduserte med eit minste frådrag. I 2014 utgjer minste frådraget for pensjonsinntekter 27 prosent av inntekta, men maksimalt 70 400 kroner. Til samanlikning er minste frådraget for lønnsinntekter på 43 prosent av inntekta og maksimalt 84 150 kroner.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt o.a. i 2014 er 5,1 prosent. Til samanlikning er trygdeavgift på lønnsinntekt 8,2 prosent.

5 Pensjonar og ytingar frå folketrygda

Alderspensjon under utbetaling blir regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Satsane for minste pensjonsnivå blir regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa for 67-åringar i reguleringsåret. Grunnbeløpet og alderspensjon under opptening blir regulerte i samsvar med lønnsauken. Uførepensjon, ytingar til gjenlevande, arbeidsavklaringspengar og overgangsstønad blir regulerte i tråd med endringar i grunnbeløpet.

Under kap. 2670 Alderspensjon blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 3 487 mill. kroner, fordelt med 1 156 mill. kroner på Post 70 Grunnpensjon, 2 188 mill. kroner på Post 71 Tilleggspensjon og 143 mill. kroner på Post 73 Særtillegg.

Under kap. 2655 Uførheit blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 1 532 mill. kroner, fordelt med 582 mill. kroner på post 70 Grunnpensjon.

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

sjon, 893 mill. kroner på post 71 Tilleggspensjon, 55 mill. kroner på post 72 Sært tillegg og 2 mill. kroner på Post 76 Yrkesskadetrygd.

Under kap. 2680 Ytingar til gjenlevande ektefellar blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 55 mill. kroner, fordelt med 30 mill. kroner på post 70 Grunnpensjon, 23 mill. kroner på post 71 Tilleggspensjon og 2 mill. kroner på post 72 Sært tillegg.

Under kap. 2651 Ytingar under arbeidsavklaring post 70 Arbeidsavklaringspengar blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 833 mill. kroner.

Under kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far post 70 Overgangsstønad blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 59 mill. kroner.

6 Andre pensjonsordningar

6.1 Pensjonar mv. frå Statens pensjonskasse

Dei fleste tenestepensjonane i offentleg sektor er såkalla bruttoordningar som blir gitt i tillegg til folketrygda. Pensjonen frå folketrygda skal alltid betalast fullt ut, medan tenestepensjonen blir redusert med eit samordningsfrådrag. Vanlegvis utgjer samordningsfrådraget $\frac{3}{4}$ grunnbeløp og heile tilleggspensjonen og/eller særtillegget m.v. når tenestepensjonen blir gitt for full tenestetid (vanlegvis 30 år).

Etter lov om Statens pensjonskasse § 42 skal alderspensjon under utbetaling regulerast ved at pensjonsgrunnlaget blir regulert årleg frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Uførepensjon og enkje- og enkjemannspensjon blir regulerte i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år blir pensjonsgrunnlaget regulert i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Ved reguleringa skal dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nyttast.

For kapitla 611, 612, 615 og 616 vil dei totale meirutgiftene for pensjonane som følgje av reguleringa utgjere om lag 463 mill. kroner.

Under kap. 611 Pensjonar frå statskassa, blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 0,3 mill. kroner. Det blir gjort framlegg om at departementet får fullmakt til å regulere pensjonane på same måten som pensjonar frå Statens pensjonskasse.

Under kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 458 mill. kroner, fordelt med 453 mill.

kroner på post 01 Driftsutgifter og 5 mill. kroner på post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse.

Under kap. 615 Yrkesskadeforsikring og kap. 616 Gruppelivsforsikring blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med respektive 1 mill. kroner under kap. 615 og 4 mill. kroner under kap. 616.

6.2 Avtalefesta pensjon i privat sektor

Etter lov 19. februar 2010 nr. 5 om statstilskott til arbeidstakere som tar ut avtalefestet pensjon i privat sektor § 23 skal tilskottet frå staten til pensjon etter reglane i kapittel 2 (ny AFP) utgjere 1/3 av pensjonen, medan kompensasjonstillegget etter kapittel 3 blir dekt fullt ut av staten. Statstilskottet til pensjon etter kapittel 4 (overgangsordninga) skal utgjere 40 prosent av pensjonen for pensjonistar over 64 år.

Årleg pensjon etter AFP-tilskottslova kapittel 2 utgjer 0,314 prosent av grunnlaget (summen av den einskildes inntekt) og er eit påslag til alderspensjon frå folketrygda. Pensjon etter kapittel 4 (overgangsordning) blir rekna ut som pensjonane frå folketrygda. AFP, med unntak av visse tillegg, blir regulert årleg frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent.

Under kap. 666, post 70 Tilskott blir det gjort framlegg om å auke statstilskottet med 23 mill. kroner.

6.3 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 15 gir staten visse tilskott. Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts måneder mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945. Etter § 8 er pensjonsordninga garantert av staten.

Alderspensjonar frå Pensjonstrygda for sjømenn blir regulerte årleg med verknad frå 1. mai i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekte 0,75 prosent. Ved reguleringa blir dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nytta.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott blir det gjort framlegg om å auke tilskottet med 1 mill. kroner.

6.4 Krigspensjonering

Staten dekkjer utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

for militærpersoner (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for hjemmestyrkepersonell og sivilpersoner (§ 25).

Etter tilleggslov om krigspensjonering av 29. juni 1951 nr. 34 blir krigspensjonar under utbetaling regulerte i samsvar med lønnsauken fram til fylte 67 år. Frå fylte 67 år blir krigspensjonane regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter fråtrekte 0,75 prosent. Ved regulering av pensjonar blir dei reguleringsfaktorane som Kongen fastset etter folketrygdlova § 19-14 åttande ledd nytta.

Under kap. 660 Krigspensjon blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med 8 mill. kroner, fordelt med 2 mill. kroner på post 70 Tilskott militære og 6 mill. kroner på post 71 Tilskott sivile.

6.5 Supplerande stønad til personar med kort butid i Noreg

Ved lov 29. april 2005 nr. 21 om stønad til personar med kort butid i Noreg, er personar over 67 år med liten eller ingen pensjon frå folketrygda sikra

ei samla inntekt på nivå med minste pensjonsnivå. Ytingane frå ordninga blir prøvde mot inntekt og også mot formue. Det er vidare eit vilkår at stønadsmottakaren er busett i Noreg.

Stønad er knytt til satsane for minste pensjonsnivå i folketrygda, og vil derfor auke i tråd med dei nye satsane for minste pensjonsnivå frå 1. mai 2014.

Under kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år, post 70 Tilskott blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med 9 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

I

Arbeids- og sosialdepartementet får fullmakt til å regulere pensjonar frå statskassa på same måten som for statspensjonistar.

II

I statsbudsjettet for 2014 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
611		Pensjonar frå statskassa	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med frå kr 13 700 000 til kr 14 000 000	300 000
612		Tilskott til Statens pensjonskasse	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med frå kr 8 276 000 000 til kr 8 729 000 000	453 000 000
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving, blir auka med frå kr 91 000 000 til kr 96 000 000	5 000 000
615		Yrkesskadeforsikring	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med frå kr 108 000 000 til kr 109 000 000	1 000 000
616		Gruppelivsforsikring	
	01	Driftsutgifter, overslagsløyving, blir auka med frå kr 174 000 000 til kr 178 000 000	4 000 000
660		Krigspensjon	
	70	Tilskott, militære, overslagsløyving, blir auka med frå kr 123 000 000 til kr 125 000 000	2 000 000
	71	Tilskott, sivile, overslagsløyving, blir auka med frå kr 300 000 000 til kr 306 000 000	6 000 000
664		Pensjonstrygda for sjømenn	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 80 000 000 til kr 81 000 000	1 000 000

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsøyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Kap.	Post	Formål	Kroner
666		Avtalefesta pensjon	
	70	Tilskott, blir auka med frå kr 1 660 000 000 til kr 1 683 000 000	23 000 000
667		Supplerande stønad til personar over 67 år	
	70	Tilskott, overslagsøyving, blir auka med frå kr 420 000 000 til kr 429 000 000	9 000 000
2620		Stønad til einsleg mor eller far	
	70	Overgangsstønad, overslagsøyving, blir auka med frå kr 2 410 000 000 til kr 2 469 000 000	59 000 000
2651		Ytingar under arbeidsavklaring	
	70	Arbeidsavklaringspengar, overslagsøyving, blir auka med frå kr 34 110 000 000 til kr 34 943 000 000	833 000 000
2655		Uførheit	
	70	Grunnpensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 23 810 000 000 til kr 24 392 000 000	582 000 000
	71	Tilleggspensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 36 530 000 000 til kr 37 423 000 000	893 000 000
	72	Sært tillegg, overslagsøyving, blir auka med frå kr 2 250 000 000 til kr 2 305 000 000	55 000 000
	76	Yrkesskadetrygd gml. lovgivning, overslagsøyving, blir auka med frå kr 63 000 000 til kr 65 000 000	2 000 000
2670		Alderdom	
	70	Grunnpensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 59 220 000 000 til kr 60 376 000 000	1 156 000 000
	71	Tilleggspensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 111 520 000 000 til kr 113 708 000 000	2 188 000 000
	73	Sært tillegg, pensjonstillegg mv., overslagsøyving, blir auka med frå kr 5 670 000 000 til kr 5 813 000 000	143 000 000
2680		Ytingar til gjenlevande ektefellar	
	70	Grunnpensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 1 220 000 000 til kr 1 250 000 000	30 000 000
	71	Tilleggspensjon, overslagsøyving, blir auka med frå kr 955 000 000 til kr 978 000 000	23 000 000
	72	Sært tillegg, overslagsøyving, blir auka med frå kr 98 000 000 til kr 100 000 000	2 000 000

Vedlegg 1**Tabellar**

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Storleiken på grunnbeløpet			Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
Frå	Per år kr	Per md. kr	År	Beløp kr
1.01.1967	5 400	450,00	1967	5 400
1.01.1968	5 900	491,67	1968	5 900
1.01.1969	6 400	533,33	1969	6 400
1.01.1970	6 800	566,67	1970	6 800
1.01.1971	7 200	600,00		
1.05.1971	7 500	625,00	1971	7 400
1.01.1972	7 900	658,33	1972	7 900
1.01.1973	8 500	708,33	1973	8 500
1.01.1974	9 200	766,67		
1.05.1974	9 700	808,33	1974	9 533
1.01.1975	10 400	866,67		
1.05.1975	11 000	916,67	1975	10 800
1.01.1976	11 800	983,33		
1.05.1976	12 100	1 008,33	1976	12 000
1.01.1977	13 100	1 091,67		
1.05.1977	13 400	1 116,67		
1.12.1977	14 400	1 200,00	1977	13 383
1.07.1978	14 700	1 225,00	1978	14 550
1.01.1979	15 200	1 266,67	1979	15 200
1.01.1980	16 100	1 341,67		
1.05.1980	16 900	1 408,33	1980	16 633
1.01.1981	17 400	1 450,00		
1.05.1981	19 100	1 591,67		
1.10.1981	19 600	1 633,33	1981	18 658
1.05.1982	21 200	1 766,67	1982	20 667
1.01.1983	21 800	1 816,67		
1.05.1983	22 600	1 883,33	1983	22 333
1.05.1984	24 200	2 016,67	1984	23 667

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.1 Oversikt over grunnbeløpet i folketrygda frå 1967.

Storleiken på grunnbeløpet			Gjennomsnittleg årleg grunnbeløp	
Frå	Per år kr	Per md. kr	År	Beløp kr
1.05.1985	25 900	2 158,33	1985	25 333
1.01.1986	26 300	2 191,67		
1.05.1986	28 000	2 333,33	1986	27 433
1.05.1987	29 900	2 491,67	1987	29 267
1.01.1988	30 400	2 533,33		
1.04.1988	31 000	2 583,33	1988	30 850
1.04.1989	32 700	2 725,00	1989	32 275
1.05.1990	34 000	2 833,33		
1.12.1990	34 100	2 841,67	1990	33 575
1.05.1991	35 500	2 958,33	1991	35 033
1.05.1992	36 500	3 041,67	1992	36 167
1.05.1993	37 300	3 108,33	1993	37 033
1.05.1994	38 080	3 173,33	1994	37 820
1.05.1995	39 230	3 269,17	1995	38 847
1.05.1996	41 000	3 416,67	1996	40 410
1.05.1997	42 500	3 541,67	1997	42 000
1.05.1998	45 370	3 780,83	1998	44 413
1.05.1999	46 950	3 912,50	1999	46 423
1.05.2000	49 090	4 090,83	2000	48 377
1.05.2001	51 360	4 280,00	2001	50 603
1.05.2002	54 170	4 514,17	2002	53 233
1.05.2003	56 861	4 738,42	2003	55 964
1.05.2004	58 778	4 898,17	2004	58 139
1.05.2005	60 699	5 058,25	2005	60 059
1.05.2006	62 892	5 241,00	2006	62 161
1.05.2007	66 812	5 567,67	2007	65 505
1.05.2008	70 256	5 854,67	2008	69 108
1.05.2009	72 881	6 073,42	2009	72 006
1.05.2010	75 641	6 303,42	2010	74 721
1.05.2011	79 216	6 601,33	2011	78 024
1.05.2012	82 122	6 843,50	2012	81 153
1.05.2013	85 245	7 103,75	2013	84 204
1.05.2014	88 370	7 364,16	2014	87 328

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.2 Utviklinga av minste pensjonsnivå for alderspensjonistar, uførepensjonistar og unge uføre i perioden 1.05.1992–30.04.2015. Kroner.

	Minste pensjonsnivå				
	Alderspensjonist		Uførepensjonist		Unge uføre fødde etter 1940
	Einslege Per år	Ektepar Per år	Einslege Per år	Ektepar Per år	
1.05.92-30.04.93	58 583	94 752	58 583	94 752	87 096
1.05.93-31.12.93	59 868	96 816	59 868	96 816	88 992
1.01.94-30.04.94	59 868	101 088 ¹	59 868	101 088 ¹	88 991
1.05.94-31.12.94	61 116	103 200	61 116	103 200	90 852
1.01.95-30.04.95 ²	61 512	103 992	61 512	103 992	90 852
1.05.95-30.04.96	63 372	107 136	63 372	107 136	93 600
1.05.96-30.04.97	66 240	111 984	66 240	111 984	97 836
1.05.97-30.04.98 ³	69 360	117 456	69 360	117 456	101 412
1.05.98-30.04.99 ⁴	81 360	140 040	81 360	140 040	108 252
1.05.99-30.04.00	84 204	144 912	84 204	144 912	112 032
1.05.00-30.04.01	88 032	151 512	88 032	151 512	117 132
1.05.01-30.04.02	92 100	158 520	92 100	158 520	122 544
1.05.02-30.04.03	97 140	167 208	97 140	167 208	129 252
1.05.03-30.04.04	101 964	181 200 ⁵	101 964	181 200 ⁵	135 660
1.05.04-30.04.05	105 408	190 248 ⁶	105 408	190 248 ⁶	140 244
1.05.05-30.04.06	108 852	199 512 ⁷	108 852	199 512 ⁷	144 828
1.05.06-30.04.07	112 788	206 712	112 788	206 712	150 060
1.05.07-30.04.08	119 820	219 600	119 820	219 600	159 420
1.05.08-30.04.09 ⁸	136 296	251 496	136 296	251 496	173 532 ⁹
1.05.09-30.04.10 ¹⁰	143 568	265 272	143 568	265 272	180 012
1.05.10-30.04.11 ¹¹	151 272	279 864	151 272	279 864	186 828
1.05.11-30.04.12 ¹²	157 639	291 644	158 424	293 088	195 660
1.05.12-30.04.13	162 615	300 850	164 256	303 864	202 848
1.05.13-30.04.14	167 963	310 744	170 496	315 408	210 564
1.05.14-30.04.15	173 274	320 570	176 736	326 976	218 268

¹ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.1994. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

² Heving av sats for særtillegget frå 1.01.1995. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

³ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1997. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst).

⁴ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1998. Ordinær sats utgjorde 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

⁵ Grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1.05.2003.

⁶ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,825 G frå 1.05.2004.

⁷ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,85 G frå 1.05.2005.

⁸ Ordinær sats for særtillegget auka til 94 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2008.

⁹ Dei medrekna framtidige pensjonspoenga for unge uføre blei heva frå 3,30 til 3,50 frå 1.05.2008.

¹⁰ Ordinær sats for særtillegget auka til 97 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2009.

¹¹ Ordinær sats for særtillegget aukar til 100 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2010.

¹² Frå og med 1.05.2011 er satsane for minste pensjonsnivå for alderspensjonistar regulerte i samsvar med lønnsauken og deretter justerte for effekten av levealdersjusteringa, medan minstepensjon for uførepensjonistar er regulert i samsvar med grunnbeløpet (lønnauken). Eit ektepar med alderspensjon er sikra eit samla pensjonsnivå tilsvarande to gonger ordinær sats.

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.3 Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistane har særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdien. 1970–2013.

År	Minstepensjon uførepensjon		Minste pensjonsnivå alderspensjon		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før				
	Einsleg	Ektepar	Einsleg	Ektepar		Minstepensjon uførepensjon		Minste pensjonsnivå alderspensjon		Gj.sn. grunnbeløp
						Einsleg pst.	Ektepar pst.	Einsleg pst.	Ektepar pst.	
1970	7 810	11 970	7 810	11 970	6 800	-	-	-	-	-
1971	8 900	13 850	8 900	13 850	7 400	6,8	8,4	6,8	8,4	2,0
1972	9 664	15 023	9 664	15 023	7 900	1,7	1,6	1,7	1,6	-0,0
1973	10 445	16 220	10 445	16 220	8 500	0,2	0,1	0,2	0,1	-0,2
1974	11 655	18 101	11 655	18 101	9 533	2,3	2,3	2,3	2,3	2,8
1975	13 308	20 696	13 308	20 696	10 800	2,3	2,4	2,3	2,4	1,5
1976	15 363	24 215	15 363	24 215	12 000	5,6	7,0	5,6	7,0	1,6
1977	17 770	28 331	17 770	28 331	13 383	5,9	7,1	5,9	7,1	2,1
1978	20 228	32 760	20 228	32 760	14 550	5,3	6,9	5,3	6,9	0,6
1979	21 780	35 406	21 780	35 406	15 200	2,9	3,3	2,9	3,3	-0,1
1980	24 345	39 339	24 345	39 339	16 633	0,7	0,1	0,7	0,1	-1,5
1981	27 882	45 066	27 882	45 066	18 658	1,0	1,0	1,0	1,0	-1,1
1982	31 228	50 633	31 228	50 633	20 667	0,5	0,9	0,5	0,9	-0,6
1983	34 153	55 248	34 153	55 248	22 333	0,8	0,6	0,8	0,6	-0,4
1984	36 516	59 056	36 516	59 056	23 667	0,5	0,5	0,5	0,5	-0,4
1985	39 220	63 496	39 220	63 496	25 333	1,7	1,8	1,7	1,8	1,3
1986	42 884	69 196	42 884	69 196	27 433	2,1	1,7	2,1	1,7	1,1
1987	45 724	73 776	45 724	73 776	29 267	-2,0	-2,0	-2,0	-2,0	-1,9
1988	48 786	78 966	48 786	78 966	30 850	0,0	0,4	0,0	0,4	-1,2
1989	51 174	82 896	51 174	82 896	32 275	0,3	0,4	0,3	0,4	0,1
1990	53 438	86 652	53 438	86 652	33 575	0,3	0,4	0,3	0,4	-0,1
1991	56 112	90 840	56 112	90 840	35 033	1,5	1,3	1,5	1,3	0,8
1992	58 048	93 890	58 048	93 890	36 167	1,1	1,0	1,1	1,0	0,9
1993	59 440	96 128	59 440	96 128	37 033	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1
1994	60 700	102 496	60 700	102 496	37 820	0,7	5,1	0,7	5,1	0,7
1995	62 752	106 088	62 752	106 088	38 847	0,9	1,0	0,9	1,0	0,2
1996	65 284	110 368	65 284	110 368	40 410	2,8	2,8	2,8	2,8	2,8
1997	68 320	115 632	68 320	115 632	42 000	2,0	2,1	2,0	2,1	1,3
1998	77 360	132 512	77 360	132 512	44 413	10,7	12,1	10,7	12,1	3,4
1999	83 256	143 288	83 256	143 288	46 423	5,2	5,7	5,2	5,7	2,2

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.3 Minstepensjon (årleg gjennomsnitt) for einslege og ektepar (begge pensjonistane har særtillegg) og grunnbeløpet (G) (årleg gjennomsnitt). Endring i realverdien. 1970–2013.

År	Minstepensjon uførepensjon		Minste pensjonsnivå alderspensjon		Gj.sn. grunnbeløp kr	Endring i realverdi frå året før				
	Einsleg	Ektepar	Einsleg	Ektepar		Minstepensjon uførepensjon		Minste pensjonsnivå alderspensjon		Gj.sn. grunnbeløp
					pst.	pst.	pst.	pst.		
2000	86 756	149 312	86 756	149 312	48 377	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0
2001	90 744	156 184	90 744	156 184	50 603	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5
2002	95 460	164 312	95 460	164 312	53 233	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
2003	100 356	176 536	100 356	176 536	55 964	2,6	4,9	2,6	4,9	2,6
2004	104 260	187 232	104 260	187 232	58 139	3,4	5,6	3,4	5,6	3,4
2005	107 704	196 424	107 704	196 424	60 059	1,7	3,3	1,7	3,3	1,7
2006	111 476	204 312	111 476	204 312	62 161	1,2	1,7	1,2	1,7	1,2
2007	117 476	215 304	117 476	215 304	65 505	4,6	4,6	4,6	4,6	4,6
2008	130 804	240 864	130 804	240 864	69 108	7,3	7,8	7,3	7,8	1,6
2009	141 144	260 680	141 144	260 680	72 006	5,7	6,0	5,7	6,0	2,0
2010	148 704	275 000	148 704	275 000	74 721	2,8	3,0	2,8	3,0	1,3
2011	156 040	288 680	155 517	287 717	78 024	3,6	3,7	3,3	3,3	3,1
2012	162 312	300 272	160 956	297 781	81 153	3,2	3,2	2,7	2,7	3,2
2013	168 416	311 560	166 180	307 446	84 204	1,6	1,6	1,1	1,1	1,6

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.4 Personar med pensjon/overgangsstønad frå folketrygda

	Pr. 31. desember 2011			Pr. 31. desember 2012			Pr. 31. desember 2013		
	Talet på personar	Av dette med minsteyting	I pst av alle	Talet på personar	Av dette med minsteyting	I pst av alle	Talet på personar	Av dette med minsteyting	I pst av alle
Alderspensionistar	718 667	180 814	25	760 025	164 801	22	800 350	157 721	20
Uførepensionistar	306 659	57 858	19	309 887	57 676	19	305 886	56 022	18
Gjenlevande ektefeller	20 592	5 795	28	19 490	5 457	28	18 533	5 205	28
Tidlegare familiepleiarar	96	96	100	79	79	100	69	69	100
Ugifte forsørgjarar og skilte eller separerte forsørgjarar	22 431	22 431	100	21 346	21 346	100	20 226	20 226	100
I alt	1 068 445	266 994	25	1 110 827	249 359	22	1 145 064	239 243	21

Overgangsstønaden er 2 gonger grunnbeløpet frå 1. mai 2010

Talet på personar med tidsavgrensa uførestønad pr. 31.12.2009: 49885. Tidsavgrensa uførestønad opphørte i 2010

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.5 Alders- og uførepensjonistar med minsteyting pr. 31.12. 2013

	Kvinner	Menn	I alt
<i>Alderspensionistar i alt</i>	<i>138 169</i>	<i>19 552</i>	<i>157 721</i>
67–69 år	8 667	1 322	9 989
70 år og over	129 502	18 230	147 732
<i>Uførepensionistar i alt</i>	<i>41 981</i>	<i>14 041</i>	<i>56 022</i>
Under 50 år	8 252	4 910	13 162
50-59 år	15 342	5 245	20 587
60-66 år	18 120	3 837	21 957
67-69 år	267	49	316
<i>I alt</i>	<i>180 150</i>	<i>33 593</i>	<i>213 743</i>

Ordninga med tidsavgrensa uførestønad opphørte i 2010

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Tabell 1.6 Alderspensionistar og uførepensionistar med full pensjon samt gjenlevande ektefeller med og uten tilleggspensjon pr. 31.12. 2013

	Bare pensjonistar med full pensjon			I alt
	Alderspensionistar med full pensjon	Uførepensionistar med full pensjon	Gjenlevende ektefelle med pensjon/overgangsstonad	
Uten tilleggspensjon	35 591	7 672	406	43 669
Under 0,55G	78 265	24 486	9 525	112 276
0,55-0,60	7 486	2 100	710	10 296
0,60-0,80	34 544	9 732	2 417	46 693
0,80-1,00	42 438	12 263	1 954	56 655
1,00-1,50	145 866	64 511	2 766	213 143
1,50-2,00	187 082	77 589	744	265 415
Over 2,00G	254 554	52 180	11	306 745
<i>I alt</i>	<i>785 826</i>	<i>250 533</i>	<i>18 533</i>	<i>1 054 892</i>

Ordninga med tidsavgrensa uførestønad opphørte i 2010

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.7 Personar som tente opp tilleggspensjon (unntatt personar som fekk godskrive pensjonspoeng etter særreglar for uførepensjonistar)¹

År	Talet på personar			I prosent av folketalet 17-69 år per 31. desember	
	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner pst.	Menn pst.
1967	379 284	1 000 303	1 379 587	31,0	82,0
1970	406 912	1 000 262	1 407 174	32,7	80,3
1973	467 148	1 019 234	1 486 382	36,8	79,9
1975	506 236	1 034 142	1 540 378	39,4	79,9
1977	581 234	1 068 877	1 650 111	44,7	81,5
1978	616 895	1 074 064	1 690 959	47,2	81,3
1979	646 502	1 081 518	1 728 020	49,2	81,5
1980	677 229	1 096 561	1 773 790	51,2	82,1
1981	698 253	1 097 511	1 795 764	52,5	81,6
1982	710 012	1 083 001	1 793 013	53,1	79,9
1983	722 474	1 080 593	1 803 067	53,6	79,1
1984	745 200	1 087 816	1 833 016	53,0	79,1
1985	776 418	1 100 216	1 876 634	56,9	79,3
1986	812 883	1 122 975	1 935 858	59,1	80,2
1987	846 414	1 128 753	1 975 167	61,1	79,9
1988	861 669	1 128 573	1 990 242	61,8	79,1
1989	850 403	1 099 913	1 950 316	60,7	76,7
1990	856 668	1 089 392	1 946 060	61,0	75,8
1991	865 544	1 082 327	1 947 871	61,4	74,9
1992	872 979	1 079 078	1 952 057	61,7	74,3
1993	884 425	1 081 504	1 965 929	62,2	74,2
1994	900 904	1 099 311	2 000 215	63,2	75,2
1995	918 852	1 116 499	2 035 351	64,2	76,1
1996	935 019	1 132 310	2 067 329	65,0	76,9
1997	951 227	1 154 670	2 105 897	65,8	78,0
1998	971 935	1 117 106	2 089 041	66,8	79,0
1999	982 630	1 180 713	2 163 343	67,1	78,7
2000	993 640	1 184 738	2 178 378	67,5	78,4
2001	1 004 786	1 192 262	2 197 048	67,9	78,6
2002 ²	1 042 390	1 217 940	2 260 330	69,9	79,7
2003	1 047 220	1 213 481	2 260 701	69,7	78,8
2004 ³	1 055 298	1 220 056	2 275 354	69,6	78,6
2005	1 066 792	1 233 628	2 300 420	69,6	78,6
2006	1 091 040	1 268 836	2 359 876	70,3	79,7
2007	1 122 217	1 310 901	2 433 188	71,4	80,8
2008	1 156 258	1 354 359	2 510 617	72,4	81,8
2009	1 199 278	1 330 498	2 529 776	74,0	79,1
2010 ⁴	1 212 216	1 344 625	2 556 841	73,6	78,7
2011	1 195 697	1 317 778	2 513 475	71,5	75,6
2012	1 235 603	1 378 889	2 614 492	72,9	77,8

¹ Personar med pensjonsgjevande inntekt som døydde eller utvandra i året er tekne ut frå 1982.

² Frå 1.1. 2002 er rehabiliteringspengar og attføringspengar pensjonsgjevande inntekt.

³ Frå 1.1. 2004 blei det innført ei ny uføreyting, tidsavgrensa uførestønad, som er pensjonsgjevande inntekt.

⁴ Endra tal for 2010. Opptening basert på pensjonsgivande inntekt (ikkje omsorgspoeng og berekna poengtal for uføre).

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsløyvingar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

Tabell 1.8 Utviklinga av gjennomsnittleg pensjonspoeng for ikkje-uføre 1967–2012

År	Kvinner	Menn
1967	1,88	3,55
1968	1,87	3,52
1969	1,84	3,49
1970	1,90	3,63
1971	1,96	3,82
1972	2,03	3,89
1973	2,08	3,96
1974	2,09	4,01
1975	2,19	4,14
1976	2,30	4,29
1977	2,26	4,30
1978	2,26	4,32
1979	2,23	4,29
1980	2,27	4,31
1981	2,31	4,30
1982	2,33	4,20
1983	2,36	4,25
1984	2,41	4,30
1985	2,46	4,36
1986	2,53	4,40
1987	2,69	4,60
1988	2,74	4,64
1989	2,77	4,54
1990	2,88	4,61
1991	2,95	4,61
1992	2,92	4,25
1993	2,95	4,24
1994	2,99	4,27
1995	3,02	4,30
1996	3,06	4,32
1997	3,10	4,37
1998	3,13	4,41
1999	3,18	4,42
2000	3,19	4,41
2001	3,22	4,43
2002	3,21	4,39
2003	3,20	4,32
2004	3,18	4,28
2005	3,20	4,28
2006	3,24	4,31
2007	3,27	4,34
2008	3,32	4,35
2009	3,30	4,33
2010	3,28	4,28
2011	3,28	4,26
2012	3,29	4,26

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

Vedlegg 2

**Protokoll fra møtet 24. april 2014 mellom representanter
for staten og representanter fra Pensjonistforbundet,
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon,
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge og Unio
for å gjennomgå rapporten «Grunnlaget for
inntektsoppgjørene 2014» av 31. mars 2014 fra
Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene**

Representanter for staten ved Arbeids- og sosialdepartementet og Finansdepartementet og representanter for Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge og Unio har i møte 24. april 2014 gjennomgått rapporten «Grunnlaget for inntektsoppgjørene 2014» av 31. mars 2014 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene.

Ved gjennomgangen av rapporten konstaterte partene at utvalget foreløpig har anslått lønnsveksten for lønnstakere i alt til 3,9 prosent fra 2012 til 2013. Utvalget vil se nærmere på dette anslaget fram mot junirapporten. Videre konstaterte partene at utvalget ikke har endret sitt tidligere anslag på 4,0 prosent når det gjelder lønnsveksten for lønnstakere i alt fra 2011 til 2012.

Ovennevnte tall vil ligge til grunn for drøftingene om reguleringen av grunnbeløpet og pensjoner fra 1. mai 2014.

Følgende var til stede på møtet:

- *Pensjonistforbundet*: Ragnhild Nestaas
- *Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon*: Grete Crowo
- *Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner*: Arne Lein
- *Landsorganisasjonen i Norge*: Øystein Nilsen
- *Unio*: Erik Orskaug
- *Arbeids- og sosialdepartementet*: Tormod Belgum, Simen Fremmergård, Pernille Krohn og Knut Melheim
- *Finansdepartementet*: Vibeke Øi

YS og Akademikerne var forhindret fra å delta.

Oslo, 24. april 2014

Pensjonistforbundet
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes
organisasjoner
Landsorganisasjonen i Norge
Unio
Arbeids- og sosialdepartementet

Vedlegg 3

Protokoll fra møtene 16. og 20. mai 2014 mellom Regjeringen og Pensjonistforbundet, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio og Akademikerne om tallgrunnlaget for regulering av grunnbeløpet og pensjoner i folketrygden fra 1. mai 2014

Følgende har vært til stede på ett eller flere av møtene:

Pensjonistforbundet: Borge Rørvik, Liv Thun, Arild Øynes, Bjørg Hageløkken, Freddy Lindquist, Kyrre Stenbro, Ragnhild Nestaas, Tale Jordbakke og Harald Olimb Norman

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon: Knut Magne Ellingsen, Ingunn Ulfstein, Atle Lunde, Liv Arum og Grete Crowo

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner: Arne Lein

Landsorganisasjonen i Norge: Terje Olsson og Øystein Nilsen

Unio: Erik Orskaug, Kjell Helland og Torgeir Pettersen

Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund: Helle Stensbak og Ørnulf Kastet

Akademikerne: Trond Teisberg

Arbeids- og sosialdepartementet: statsråd Robert Eriksson, statssekretær Thor Sættem, Simen Fremmergård, Tormod Belgum, Pernille Krohn, Knut Melheim og Oddbjørn Haga

Finansdepartementet: statssekretær Paal Bjørnstad og Vibeke Øi

På vegne av Pensjonistforbundet og Landsorganisasjonen i Norge la Borge Rørvik i møtet 16. mai 2014 fram følgende:

«Pensjonistforbundet (SAKO samarbeidet) og Landsorganisasjonen i Norge (LO), heretter kalt «organisasjonene», viser til at det fra Arbeids- og sosialdepartementets side er blitt varslet at trygdedrøftingene for 2014 avholdes 16. og 20. mai 2014.

Organisasjonene viser til forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes

ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden, og innretter sitt krav i forhold til dette.

Organisasjonene fremmer med dette følgende krav:

Teknisk beregningsutvalg for inntektsoppgjørene anslår i sin aprilrapport lønnsveksten til 3,9 pst i 2013 og 4,0 pst i 2012. I trygdeoppgjøret i 2013 ble det lagt til grunn at lønnsveksten i 2013 ville bli 3,5 pst, videre ble lønnsveksten i 2012 stadfestet til 4,0 pst. Dette innebærer at det skal korrigeres for et etterslep på 0,4 prosentpoeng for 2013 og uendret for 2012.

Når det gjelder forventet lønnsvekst i 2014, viser vi til at Revidert Nasjonalbudsjett anslår denne til 3,3%. Dette skal det tas hensyn til i beregning av nytt grunnbeløp og alderspensjon.»

Videre ba Pensjonistforbundet om følgende protokolltilførsel:

«Pensjonistforbundet (SAKO samarbeidet) er prinsipielt motstandere av at regulering av løpende pensjon ikke skal følge lønnsutviklingen. Det er urettferdig at en gruppe i befolkningen ikke skal ha samme kjøpekraftsutvikling som andre deler av samfunnet.

På vegne av landets nærmere 800.000 alderspensjonister krever Pensjonistforbundet at stortingsvedtaket om fratrekk på 0,75% av lønnsutviklingen omgjøres. Vi foreslår at arbeid med dette starter så raskt som mulig og uavhengig av evaluering av resten av reformen som er forespeilet i 2017.

Trygdeoppgjøret 2012 ble det første praktiske beviset på hvor feil en slik underregule-

Endringer i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet (Tilleggsføringar som følgje av reguleringa av grunnbeløpet og pensjonar i folketrygda mv. frå 1. mai 2014)

ring kan slå ut når fratrekk på 0,75% av lønnsveksten kombineres med feil anslag på antatt lønnsvekst for perioden. Lønnsøkningen i 2012 ble på 4 % mens pensjonsreguleringen samme år ble på 2,89 %.

For 2013 ble lønnsøkningen på 3,9% mens pensjonsreguleringen ble på 3,02 prosent.

Pensjonister har de samme utgiftene i sin hverdag som yrkesaktive og skal være med på den samme velstandsutviklingen som samfunnet for øvrig.»

På vegne av FFO, SAFO, Unio, YS og Akademikerne la Erik Orskaug i møtet 16. mai 2014 fram følgende:

«Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO), Unio, Yrkesorganisasjonens Sentralforbund (YS) og Akademikerne heretter kalt «organisasjonene» viser til at det fra Arbeids- og sosialdepartementets side er blitt varslet at trygdeforhandlingene for 2014 avholdes 16. og 20. mai 2014.

Organisasjonene viser til forskrift om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden og innretter sitt krav i forhold til dette.

Organisasjonene fremmer med dette følgende krav:

Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene anslår i sin marsrapport lønnsveksten til 3,9 pst i 2013 og 4,0 pst i 2012. I trygdeoppgjøret i 2013 ble det lagt til grunn at lønnsveksten i 2013 ville bli 3,5 pst. Videre ble lønnsveksten i 2012 stadfestet til 4,0 pst. Dette innebærer at det skal korrigeres for et etterslep på 0,4 prosentpoeng for 2013 og uendret for 2012.

Når det gjelder forventet lønnsvekst i 2014, viser vi til at Revidert Nasjonalbudsjett anslår denne til 3,3 pst. Dette skal det tas hensyn til i beregning av nytt grunnbeløp og alderspensjon.»

Videre ba organisasjonene om følgende protokolltilførsel:

«Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO), Unio, Yrkesorganisasjonens Sentralforbund (YS) og Akademikerne får stadig reaksjoner fra pensjonistmedlemmer som opplever underreguleringen av løpende pensjoner som urettferdig. Vi regner med at regjeringen registrerer tilsvarende reaksjoner, og vi legger til grunn at dette er et av de forhold som tas opp i forbindelse med evalueringen av pensjonsreformen fram mot 2017.»

I møtet 20. mai 2014 redegjorde arbeids- og sosialministeren for tallgrunnlaget for regulering av pensjonene fra 1. mai 2014, i samsvar med forskrift 6. mai 2011 nr. 465 om beregning av lønnsveksten som skal benyttes ved regulering av grunnbeløpet og alderspensjon i folketrygden, jf. folketrygdloven §§ 1-4, 19-14 og 20-18.

Etter møter 16. og 20. mai 2014 er partene enige om at følgende legges til grunn for reguleringen av grunnbeløpet og pensjoner i folketrygden fra 1. mai 2014:

- at forventet lønnsvekst i inneværende år er 3,3 prosent, slik den fremkommer i revidert nasjonalbudsjett
- at faktisk lønnsvekst for 2013 foreløpig er beregnet til 3,9 prosent, det vil si et avvik på 0,40 prosentpoeng i forhold til fjorårets anslag på 3,5 prosent.
- at faktisk lønnsvekst for 2012 fortsatt er anslått til 4,0 prosent, slik at det ikke foreligger noe avvik i forhold til tidligere anslag.

Oslo, 20. mai 2014

Pensjonistforbundet	Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner	Landsorganisasjonen i Norge
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund	Unio
Akademikerne	Arbeids- og sosialdepartementet

